



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 17/102353-4 19/1525 – 19/15702 25.07.2019

Uttale til dispensasjonssøknad for naust – gbnr 38/2 Refskar – Meland kommune

Vi viser til dispensasjonssøknad sendt til uttale i brev datert 09.07.2019. Søknaden gjeld frådelling av nausteigedom og oppføring av 2 naust.

Eigedomen ligg i uregulert område, innanfor areal sett av til fritidsbustad F_1 i kommuneplanens arealdel. Areala som søkast frådelt ligg attmed

Eigedomen har tilkomst frå privat veg via kommunal veg Refskar. Det er difor kommunen som skal vurdere avkøyrsløyve. I ein tidlegare sak knytt til auka trafikk til Refskar har vi uttalt:

«Statens vegvesen vurderer kryssutforminga mellom fv. 245 og Refskar som dårleg, både horisontalt og vertikalt. Dette gir dårlege siktilhøve og redusert tryggleik for trafikantane både på fylkesvegen og den kommunale veggen. Etter vårt syn bør det settast krav om ei meir trafikksikker kryssutforming før ein aukar trafikken på sidevegen Refskar. Statens vegvesen ber om at Meland kommune tek omsyn til tilhøva i krysset mellom kommunal veg og fylkesveg når dei handsamer saka.»

Utover dette har vi ingen vesentlege merknader til kommunens vurdering i dispensasjonssaka.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne skulstad
senioringeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.